





# Fråsegn frå Sogn regionråd

## 26. april 2013



# Innhold

Samandrag .....	4
1. Planføresetnader .....	7
Elevtalsutvikling .....	8
Økonomi .....	9
2. Status i skulen i fylket .....	10
3. Modellar og konsekvensar .....	12
3.1. Vurderingane i kortform .....	13
a) Modellar og kvalitet på opplæringa .....	13
b) Struktur – programtilbod og elevane sine ønskje .....	13
c) Struktur og kompetansebehov i samfunnet .....	13
d) Struktur – stabil, robust og føreseieleg for elevar og tilsette .....	13
e) Struktur og økonomisk innsparing .....	13
3.2. Skeivskapen i modellframlegga .....	15
4. Modell Indre Sogn .....	17
5. Andre merknader til høyringsutkastet .....	19
Referansar og utrykte vedlegg .....	19



---

# Samandrag

---

Fylkesrådmannen legg opp til ei brei høyring knytt til ny skulebruksplan. Det er utarbeidd eit godt høyringsdokument, med mange modellar for å løyse den økonomiske utfordringa fylkeskommunen har knytt til vidaregåande opplæring. Modellane syner at Indre Sogn vert tillagt ansvar for ein langt større del av innsparinga enn elevtalet tilseier. Dette er uakseptabelt for Sogn regionråd og kommunane i regionen. Regionrådet fremmer difor ein modell «Indre Sogn» der regionen både kjem innsparingsmåla i møte, og samstundes ivaretek elevane og regionen sine behov på ein rimeleg måte.

Sogn regionråd har i fleire møte sidan hausten 2012 handsama dokument tilhøyrande skulebruksplanen for perioden 2013 – 2024. Fylkesrådmannen la 19.2.2013 fram ein omfattande plan til høyring. Den syner både den plikta fylkeskommunen har for å legge planar, og lovgrunnlag og eigne ambisjonar for å gje eit godt skuletilbod innafor dei rāmene ein har til rådvelde. Sogn regionråd tykkjer argumentasjonen for å sjå på skulestrukturen er god og dekkande for utfordringane ein står framfor. Dette gjeld både elevtalsutvikling, økonomi og ønske om framtidig handlingsrom.

Fylkesrådmannen legg fram 8 modellar, nummerert 0 til 7. Talet på modellar er dobla etter den første framlegginga av alternative løysingar (Norconsultrapporten – modell 1 - 3). Modell 0 vert ikkje vurdert som sannsynleg utfall i høyringsutkastet, og modell 3 vert ikkje utgreidd med fleire variantar. Modell 1 har fått modellane 4 og 6 som modifikasjonar, medan modell 2 har modellane 5 og 7 som underalternativ. I si oppsummering peiker fylkesrådmannen på at modellane 1, 2, 3, 5 og 7 møter dei økonomiske krava ein står framfor.

For Indre Sogn syner modellane at Luster vidaregåande er føreslege lagt ned i alle alternativ unnateke 0, medan Årdal er føreslege lagt ned i modell 3. Innafor modellalternativa 1 og 2 med underalternativ er det endringar i kva faglege tilbod som vert tilbydd som skil modellane. For fylket som eining er det føreslege vidareføring av 10 skular i modell 1, 4 og 6, medan modellane 2, 5 og 7 legg 8 skular til grunn.

I si utgreiing om konsekvensar, maktar fylkesrådmannen ikkje å argumentera på ein slik måte at ein av desse modellane heilt klart er betre enn dei andre med omsyn til dei kriterier ein har sett opp, utover økonomi. Det er ikkje godtgjort at nokon av modellane har avgjerande utslag på kvalitet (ein er i landstoppen i dag), og kunnskapen om samanhengar mellom struktur og kvalitet i opplæringa er svak. Ein ser ikkje avgjerande skilnader med omsyn til eleven sitt høve til å få sine ønske om opplæringstilbod dekkja, men for modellane 2, 5, 7 og 3 vil langt fleire måtte bu på hybel. Ein trur at store og breie fagmiljø vil vere meir robuste og fleksible med omsyn til å kunne møte nye behov. Ein argumenterer for at små einingar og tynt spreidde utdanningsprogram representerer ei meir sårbar og mindre føreseieleg framtid. Dette er eit argument Sogn regionråd langt på veg har forståing for, med tanke på elevar og tilsette. Men ingen av modellane står fram som klart best med tanke på å møte eleven og samfunnet sine behov for opplæring, og det er det viktigaste.

Det som likevel er klart er at, innafor dei innsparingsmåla vi erkjenner er tilstades, så fordeler modellane den ulempa redusert økonomi er, på ein urimeleg skeiv måte. Sogn regionråd aksepterer såleis premissane for prosessen og måla for den framtidige strukturen på fylkesnivå, men aksepterer ikkje at Indre Sogn skal bere ein større del av byrda enn andre delar av fylket. Argumentasjonen for dette er slik:

I tabell 5.1.4. A i høyringsutkastet går det fram at plasstalet i % i Indre Sogn inkludert fylkesdekkande tilbod, litt avhengig av modell, systematisk ligg under forventa elevtalsandel, medan det motsette er tilfellet for Nordfjord<sup>1</sup>. For ein framtidig, berekraftig skulestruktur er ikkje dette akseptabelt for regionen.

Sogn regionråd ser også på det fagtilbodet som ligg til regionen i dag, og ønskjer at dette i størst mogeleg

---

<sup>1</sup> Også Sunnfjord, Ytre Sogn og Hafs er underdekkja i høve til elevtal.

grad vert vidareført. Fleire av modellane medfører at viktige fagområde ikkje vert tilbydd i regionen. Sogn regionråd er særleg opptekne av at ikkje berre prestisjefaga får merksemd. Det er såleis ikkje berre det faktum at idrett, eller medium og kommunikasjon, vert føreslege flytta frå Sogndal som utløyser denne reaksjonen. Sogn regionråd vil ikkje akseptere ein modell som fører til at ungdom utan sterk fagleg motivasjon for å søke seg til skular utanfor regionen, må flytte ut av regionen for å gå på skule. Særleg er ein bekymra for at fråfallet vil auke, noko som er dårleg både for eleven og for samfunnet.

Det er, i tillegg til for elevane, også viktig for næringane i Indre Sogn, at t.d. både matfag og anleggsteknikk vert tilbydd lokalt. Om ein held det saman med at ein aksepterer at reduksjonar må til, krev det grep i eksisterande skular, utan at viktige fag forsvinn ut av regionen. Sogn regionråd syner med sin modell under at dette kan løysast.

Utviklinga i elevtal er usikker. Fylkesrådmannen legg til grunn at Indre Sogn vil ha 24,7 % av elevmassen i 2021. Andre prognosar tyder på noko høgare tal, og skulen bør vere medspelar i utviklinga av regionane. Men elevar er personar, ikkje prosentar. Skulane bør ein difor utvikle med gruppetal som grunnlag. Fylkesrådmannen opererer med 203 grupper som eit måltal for 2021.

<b>Modell Indre Sogn</b>			Årdal	Luster + Sogndal	Tal elevar	Fylkestilbodsplassar	Indre Sogn
Samla oversikt over gruppetal modell Indre Sogn							
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde					
<b>Idrettsfag</b>	1	<b>Idrettsfag</b>		1	30		30
	2 og 3	Idrettsfag		2	60		60
<b>Studiespesialiserande</b>	1	<b>Studiespesialiserande</b>	1	3	120		120
	2 og 3	Studiespesialiserande	2	6	240		240
<b>Bygg-og anleggsteknikk</b>	1	<b>Bygg og anleggsteknikk</b>		4	48		48
	2	Anleggsteknikk		1	12		12
	2	Byggteknikk		2	24		24
	2	Klima, energi og miljøteknikk		1	12		12
<b>Design og handverk</b>	1	<b>Design og handverk</b>					0
	2	Design og tekstil					0
	2	Interiør og utstillingsdesign					0
<b>Elektrofag</b>	1	<b>Elektrofag</b>	1	2	36		36
	2	Automatisering	1		12	6	6
	2	Data og elektronikk		1	12		12
	2	Elenergi		1	12		12
	3	Automatiseringsfaget	1		12	6	6
	3	Dataelektronikarfaget		1	12		12
<b>Helse- og oppvekstfag</b>	1	<b>Helse- og oppvekstfag</b>		2	30		30
	2	Barne- og ungdomsarbeidarfag		1	15		15
	2	Helsearbeiderfag		1	15		15
<b>Medium og kommunikasjon</b>	1	<b>Medium og kommunikasjon</b>		2	30	15	15
	2	Medium og kommunikasjon		2	30	15	15
<b>Restaurant- og matfag</b>	1	<b>Restaurant- og matfag</b>		1	15		15
	2	Kokk- og servitørfag		1	15		15
<b>Service og samferdsel</b>	1	<b>Service og samferdsel</b>	1	1	30		30
	2	Reiseliv		1	15	12	3
	2	Sal, service og tryggleik	1		15		15
	2	Transport og logistikk		1	12		12
<b>Teknikk og industriell produksjon</b>	1	<b>Teknikk og industriell produksjon</b>	1	2	36		36
	2	Kjøretøy		1	12		12
	2	Kjemiprosess	1		12	6	6
	2	Industriteknologi	1	1	24		24
<b>Påbygging til generell studiekompetanse</b>	3	<b>Påbygging til generell studiekompetanse</b>	1	1	60		60
<b>Sum pr. skule pr. modell</b>			<b>12</b>	<b>43</b>	<b>1008</b>		
<b>Sum grupper pr modell</b>			<b>55,0</b>			60	948

Konsekvensen av argumentasjonen er at Sogn regionråd legg fram ein alternativ modell «Indre Sogn» som:

- Møter innsparingskrava like godt som modell 2 med variantar (5 og 7)
- Møter opplæringsbehovet elevane har minst like godt som dei framlagde modellane
- Møter arbeids- og næringslivsbehov minst like godt som dei andre modellane
- Syner at Indre Sogn er viljug til å ta sitt ansvar for den totale gruppereduksjonen ut frå den relative storleiken regionen har basert på elevtalsframskrivinga

Modellen tek utgangspunkt i hovudmodell 2 med 8 vidaregåande skular i fylket. Luster vidaregåande skule er frå fylkesrådmannen si side føreslege lagt ned som sjølvstendig skule i alle alternative modellar, så også i modell «Indre Sogn». Modellen inneheld eit gruppetal på 55, tilsvarande 27 % av det talet grupper (203) fylkesrådmannen har sett som berekraftig frå 2021. Elevtalet er 948, tilsvarande 24 % av samla elevtal<sup>2</sup>. Sogn regionråd og kommunane i Indre Sogn tek såleis ansvar når dei i sin modell bidreg til å ta ned kapasiteten til det elevtalet ein forventar i 2021. Ein reduksjon som lagt opp til i nokre av modellane, med inntil 59 % av totalinnsparinga lagt til Indre Sogn (modell 3), er ikkje akseptabelt. For å møte både innsparingskravet og tilbodet elevane spør etter, har ordførarane i Indre Sogn i tillegg sett at fordelinga av fag i regionen må vurderast, med tanke på å utnytte kompetanse og å sikre framtidig robuste fagmiljø.

Modellen opprettheld såleis t.d. idrettsfag i Sogndal, anleggsteknikk i Sogndal, medium og kommunikasjon i Sogndal, eksisterande industrifag og studiespesialiserande, inkludert påbygging, i Årdal og matfag og helsefag i regionen. Modellen legg opp til at tilbodet innan medium og kommunikasjon vert fylkesdekkande.

Sogn regionråd er særleg oppteken av at ein regionalt har eit godt tilbod, med tilstrekkeleg breidde til å treffe dei fleste elevane sine behov for å gå på skule i rimeleg avstand til heim og heimkommune. Dette er viktig både for eleven og lokalsamfunna. Det er også viktig at modellen for Indre Sogn reflekterer det behovet lokalt arbeidsliv har. Modellen tek omsyn til dette.

Modellen betyr at Luster vidaregåande vert lagt ned som sjølvstendig skule, men føreset at fagtilbodet innan matfag og helsefag vert vidareført i regionen. Modellen legg til grunn at bygg og ressursar på Hafslo vert nytta som del av Sogndal vidaregåande skule og spesielt når det gjeld matfag så er det gode og spesialbygde lokale for dette på Hafslo. Dette er bygg som fylkeskommunen eig eller har leigeavtalar på fram til 2020.

Sogn regionråd legg til grunn for sine vurderingar at den nye strukturen ikkje berre vert å spore i tal grupper og nedlagde skular, men at heile skuleverks- emda i fylket vert vurdert i samband med struktur- avklaringa og økonomiske innsparingar. Dette gjeld både administrasjon, tilpassa opplæring, fagopp- læringa og økonomiske bindingar til bygg. Det er ikkje akseptabelt å sjå vekk frå nokre av dei økonomiske sidene utan ein fagleg og politisk debatt.



<sup>2</sup>948 av 3891 (MMMM, middel nasjonalvekstprognose). 60 plassar er fylkesdekkande. Totalt elevtal i regionen vert såleis 1008.

# 1. Planføresetnader

Fylkestinget pliktar å vedta planstrategi. Fylkestinget har vedteke at planprogram for skulebruksplan skal utarbeidast. Fylkesutvalet har vedteke planprogrammet i april 2012.


Høyringsutkastet syner lovgrunnlaget for skuletilbodet:

- Rett til treårig heiltids vidaregåande opplæring
- Rett til vidaregåande opplæring for vaksne
- Rett til skys
- Kvalitet i opplæringa<sup>3</sup>

Fylkesrådmannen legg fram eit særsgjennomarbeidd dokument som syner kompleksiteten i endringsprosessen på ein god måte. Det er ikkje tvil om at endringar er naudsynte, både med omsyn til elevtal, økonomi og høve til framtidige satsingar. Det er likevel ikkje godt samsvar mellom den uvissa som vert omtala med omsyn til samband mellom kvalitet i opplæringa og skulestruktur, og det presisjonsnivået ein gir inntrykk av i delar av det presenterte talmaterialet<sup>4</sup>

## Elevtalsutvikling

Det er noko uvisse knytt til framskrivingar, men det er tvillaust at det vert reduksjonar i elevtalet i fylket. Talet på 16 – 18-åringar fram mot 2030 syner ei slik utvikling:



SSB: «Framskrevet folkemengde, etter kjønn og alder, i 9 alternativ (K) (2011-2040)», publisert juni 2012.

I dokumentet er mellomnivået MMMM nytta.

<sup>3</sup> Kvalitet i opplæringa er omtala i strategidokument 2012 – 2015, der ein særleg har peika på fagleg og pedagogisk kompetanse som det mest sentrale. I opplæringslova heiter det at «Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda».

<sup>4</sup> Bruken av desimaltal i tabellar som gir inntrykk av presisjon står ikkje i samsvar med den uvissa rådmannen sjølv omtalar. På nokre få punkt finst det enten vesentlege feil i kommentarane til talmaterialet, eller at talmaterialet er feil.

I vgo i år	Fødd	GSI	MMMM	Avvik	Endring i elevtal GSI vg1-vg3 mot 2010 GSI	Endring i elevtal MMMM vg1- vg3 mot 2010 GSI	Endring i elevtal GSI vg1-vg3 mot 2012 GSI	Endring i elevtal MMMM vg1- vg3 mot 2012 GSI
2010	1994	4253			0			
2011	1995	4207	4294	87	-46	41		
2012	1996	4178	4189	11	-75	-64	0	11
2013	1997	4099	4175	76	-154	-78	-79	-4
2014	1998	4005	4037	32	-248	-216	-173	-142
2015	1999	3879	3940	61	-374	-313	-299	-239
2016	2000	3841	3944	104	-412	-309	-338	-234
2017	2001	3789	3924	135	-464	-329	-390	-255
2018	2002	3680	3845	165	-573	-408	-498	-333
2019	2003	3646	3839	193	-607	-414	-533	-340
2020	2004	3651	3863	212	-602	-390	-528	-316
2021	2005	3663	3891	228	-590	-362	-515	-287
2022	2006		3813			-440		-365
2023	2007		3802			-451		-376
2024	2008		3805			-448		-374

Tabellforklaring: SSB si framskriving av tal 15-åringar (som er det året dei byrjar i vidaregåande opplæring), alternativt middel nasjonal vekst (MMMM) (publisert 20. juni 2012) og tal elevar på kvart enkelt årstrinn frå Grunnskolen informasjonssystem (GSI) (publisert oktober 2011). Begge variablane er framskrivne under føresetnad av at elevane som byrjar på vg2 òg byrjar på vg2, medan 65% av elevane byrjar på vg3.


Tal for elevutvikling i Indre Sogn syner ein betydeleg variasjon i perioden:

År	Sum Indre Sogn	Indre Sogn %	Andel av fylke
2013	352	100 %	23 %
2014	347	99 %	24 %
2015	341	97 %	24 %
2016	347	99 %	24 %
2017	347	99 %	25 %
2018	326	93 %	25 %
2019	327	93 %	23 %
2020	314	89 %	23 %
2021	356	101 %	26 %

### Elevtalsutvikling

Både nedgangen frå 2013 og veksten mot 2021 er reflektert i SSB sine tal og i tabellen over. Det er alltid knytt uvisse til slike tal. Men dei som er elevar ved vidaregåande skule i planperioden er alt fødde. Variasjonen vil såleis forklarast av inn- og utflytting, og ikkje minst tal på innvandring frå andre land. Det interessante med tala for Indre Sogn er at dei syner ein vekst, og ein større relativ andel av elevmassen mot slutten av perioden (sjå figur neste side). Dette må takast omsyn til i dimensjoneringa av kapasitet i heile perioden.

## Elevtalsutvikling pr region - VG1 - 2013-2021



Tala her baserer seg på elevgrunnlag for alle kommunane knytt til Sogn regionråd sin geografi, med unntak av Balestrand, der ein har lagt 50% av ungdomskullet til grunn.

### Økonomi

Både grunna nedgang i elevtal (absolutt og relativt i høve til landet elles) og endringar i overføringar som følgje av omlegging av inntektssystemet frå 2014, vil fylkeskommunen sin økonomi kome under press i åra som kjem. I tabellen henta frå høyringsutkastet (under) ser vi dette klårt:

Tabell 1.5.C: Forventa overføringar frå staten (II)

	16-18 år landet	16-18 år Sogn og Fjordane	Søkjarar yrkesfag Sogn og Fjordane	Tilskot 16-18 åringar (mill.kr)	Tilskot søkjarar yrkesfag (mill.kr)	Sum overføring (mill.kr)	Endring frå 2012 (mill.kr)
2012*	193470	4816	805	497,1	158,0	655,0	
2016	195108	4464	778	456,9	145,1	602,0	-53,0
2020	190566	4337	729	454,4	144,3	598,8	-56,2
2024	199108	4295	725	430,7	136,8	567,5	-87,5
2030	208503	4339	742	415,5	132,0	547,5	-107,5

\*) For 2012 er det nytta tal frå 1. juli 2011 – Grønt Hefte, tabell E-fk s 53-55.

Prognose for resten av perioden er henta frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) «Framskrevet folkemengde, etter kjønn og alder, i 9 alternativer (K) (2011-2014)», publisert juni 2011.

Føresetnader for og kommentarar til tabellen:

Total ramme er uendra på 39 mrd. i heile perioden. Fordi talet på 16-18 åringar i landet aukar i perioden vert det mindre tilskot per elev. I tillegg går talet i Sogn og Fjordane nedover (2021 er lægste år med prognose på 4353 16-18 åringar). Søkjarar til yrkesfag er stipulert etter same fordeling som grønt hefte la til grunn i 2012, dvs at 805 av 4816 = 16,7% vert nytta i heile perioden.

Ei negativ endring på nærmare 90 millionar kroner innan ti år, basert på at den relative andelen elevar går ned, krev at ein ser på organiseringa av tenestetilbodet. Sogn regionråd er samd med fylkesrådmannen i at fylket oppfyller si plikt som ansvarleg planorgan og tenestetilbydar ved å vurdere skulestrukturen.



## 2. Status i skulen i fylket

Korleis ser vidaregåande skule ut i fylket i dag? Fylket driv 13 vidaregåande skular, i tillegg finst landslinjer og private/ideelle tilbod som ikkje er tekne med her. Fylkesrådmannen syner til at tilbodsstruktur og søkjarmønster har vore stabilt over tid, at studiespesialisering står for 38 % av elevtalet og 1/4 av gruppetalet (større gruppe enn i yrkesfag). TIP og Helse/oppvekst er dei største yrkesfaga.



Tabell 2.1.A: Oversyn over utdanningsprogram

Studiespesialiserande utdanningsprogram	Kode		Tal skular med tilbodet	Elevtal 2012-2013	%-vis fordeling 2012-2013
	ID	Idrettsfag		4	376
MD	Musikk, dans og drama		1	132	3,1 %
ST	Studiespesialisering		10	1611	37,3 %
ST-FO	Studiespesialisering med formgjevingsfag		1	44	1,0 %
PB	Påbygging til generell studiekompetanse		6	252	5,8 %
	<b>Elevtal studieførebuande utd.prog</b>			<b>2415</b>	<b>55,9 %</b>
Yrkesfaglege utdanningsprogram	BA	Bygg- og anleggsteknikk	6	275	6,4 %
	DH	Design og handverk	4	99	2,3 %
	EL	Elektrofag	6	283	6,5 %
	HO	Helse- og oppvekstfag	9	318	7,4 %
	MK	Medium og kommunikasjon	3	140	3,2 %
	NA	Naturbruk	2	92	2,1 %
	RM	Restaurant- og matfag	4	123	2,8 %
	SS	Service og samferdsel	7	156	3,6 %
	TP	Teknikk og industriell produksjon	9	421	9,7 %
		<b>Elevtal yrkesfagleg utd.prog</b>			<b>1907</b>
	<b>Sum elevtal</b>			<b>4322</b>	<b>100,0 %</b>

Om lag 90 % av elevane får førstevalet oppfylt (program og skule). For kommunar med vidaregåande skule er mønsteret at elevane vel skule i heimkommunen (70 – 90%, med unntak av Luster der under 20% vel skule i heimkommunen). Elevar i andre kommunar vel normalt innafor akseptabel dagleg reiseavstand (om lag 26 % bur på hybel). Dei siste åra har synt god auke i opplæring i bedrift – truleg grunna aktivt arbeid mot eksisterande og nye lærebedrifter. Her skil Årdal seg ut i positiv forstand. Fylkesrådmannen peiker på stor underdekning av læreplassar for helsearbeidarfaget.

Med omsyn til kvalitet syner dokumentasjonen at elevane over tid har vore i landstoppen med omsyn til eksamensresultat i skriftlege, sentralt gitte oppgåver. Elevane trivst godt, er motiverte og det er lite mobbing. Elevane opplever gode fysiske tilhøve og eit godt arbeidsmiljø. Som vist driv fylket ein kostbar skule. Dette heng saman med tal skular, og såleis mindre grupper og stor lærartettleik (7,2 elevar pr. tilsett, landet 8,8). Fylket nyttar også meir utlegg til tilpassa opplæring enn i samanliknbare fylke (I høyringsutkastet er det vist til om lag 90 millionar til tilpassa opplæring pr. år).

Skulane i fylket har tilsette med heller høg snittalder. Ein har så langt ikkje opplevd store rekrutteringsproblem. Med i underkant av 40 % av dei tilsette i pedagogiske stillingar over 55 år, står ein framfor betydeleg utskifting i åra som kjem. Sogn regionråd ser at kvaliteten i lokalsamfunna og fagmiljøa vil vere viktige premisser for god lærarrekruttering.

Fylkesrådmannen syner at vidaregåande opplæring åleine står for om lag 35 %, eller 750 mill. NOK av det samla fylkesbudsjettet. Drift av skulane utgjer vel 500 mill. Av dette utgjer løn om lag 90 %. Utgifter til lokale (ikkje byggdrift) står åleine for vel 60 mill. Dette heng saman med etter måten store leigekostnader knytt til skulebygg. Fylket har i perioden 2003 til 2011 investert om lag 900 mill. kroner i nye undervisningsbygg, eller i bygg som har slike funksjonar som del av bygga.

Fylkesrådmannen peiker sjølv eksplisitt på leigeavtalen med Trivselshagen IKS på Sandane som ein sentral faktor.

«Leigeavtalen gjeld fram til 01.08.2018, med opsjon på forlenging. Ei mindre endring av behov og bruk frå fylkeskommunen si side kan truleg tingast om og justerast for gjennom leigeavtalen. Ved vesentlege endringar, og i sin yttarste konsekvens, at det fylkeskommunale behovet fell vekk, vil dei økonomiske konsekvensane for selskapet verte svært store om ikkje andre leigetakarar kan overta frigjort areal. (s. 37)»

Sogn regionråd ser at fylket her tek rolla som utviklingsaktør, men er sterkt uviss på om den prosentvise andelen som vert belasta opplæringsbudsjettet er rett.

Om ein samanliknar skulestorleik med fylke det er rimeleg å samanlikne med, ser ein at elevtalet pr. skule er lågt i vårt fylke, og at kostnadane pr. elev er tilsvarande høge. Sogn regionråd ser at dette er ei utfordring, og at ein må ta tak i dette. Men ein ønskjer ikkje at dette skal redusere den posisjonen elevane i dag har med omsyn til skuleresultat, samanlikna med andre fylke.



### 3. Modellar og konsekvensar

Fylkesutvalet har vedteke at «Skulebruksplanen skal vise korleis Sogn og Fjordane fylkeskommune, innanfor framtidige økonomiske rammer, kan organisere ei vidaregåande opplæring med høg kvalitet og utnytte bygg og eigedommar mest mogleg kostnadseffektivt. Planen skal leggje eit best mogleg grunnlag for politiske vedtak om framtidig organisering av vidaregåande opplæring» (Sak 48/12 – fylkesutvalet 23.05.12).

Høyringsutkastet gjer greie for modellar som er konsekvensutgreidde opp mot sentrale mål:

- Det vidaregåande opplæringstilbodet er organisert slik at elevar og lærlingar
  - får ei opplæring med høg kvalitet
  - får tilbod om alle utdanningsprogram og eitt breitt spekter av programfag i eige fylke
  - i størst mogleg grad får oppfylt sine ynskje om opplæringstilbod
- Det vidaregåande opplæringstilbodet samsvarar i størst mogleg grad med samfunnet sitt behov for kompetanse på ulike nivå.
- Det er lagt langsiktige planar for opplæringstilbodet for å fremje stabilitet og ein føreseieleg situasjon for tilsette, elevar og lokalsamfunnet.
- Vidaregåande opplæring er organisert på ein måte som fremjar robuste einingar og fagmiljø, slik at ein kan møte endringar i rammer og føresetnadar utan å måtte endre strukturar i opplæringstilbodet.
- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein tek omsyn til endra økonomiske føresetnader, inkludert behovet for framtidige satsingar, og endringar som fylgje av den demografiske utviklinga.

Modellane skal vurderast med omsyn til elevane, skuleskys, tilsette, driftsøkonomi, bygg og eigedommar (trong for nybygg, sal, etc) og arbeidskraftbehov.

Tabell 4.A: Modellar som vert konsekvensutgreidde

Modellar som vert konsekvensutgreidde		Modell 1 med variantar				Modell 2 med variantar			mod 3
		mod 0	mod 1	mod 4	mod 6	mod 2	mod 5	mod 7	
Tal skular		13	10	10	10	8	8	8	8
Tal grupper	2016-2017	214,5	211,5	211,5	211,5	211,5	211,5	211,5	211,5
	2020-2021	204	202	202,5	202,5	202,5	202,5	202,5	202,5
Tal elevplassar	2016-2017	3958	3961	3961	3961	3961	3961	3961	3961
	2020-2021	3778	3793	3793	3763	3793	3793	3793	3793
Dimensjonerande elevtal	2016-2017	3785	3785	3785	3785	3785	3785	3785	3785
	2020-2021	3603	3603	3603	3603	3603	3603	3603	3603
Gjennomsnittleg skulestorleik	2016-2017	304	393	393	393	492	492	492	658
	2020-2021	290	377	377	377	471	471	471	622
Framlegg om nedlegging:									
Luster			x	x	x	x	x	x	x
Høyanger			x	x	x	x	x	x	x
Mo og Jølster avd Jølster			x	x	x	x	x	x	x
Dale						x	x	x	x
Stryn						x	x	x	x
Årdal									x
Måløy (som avd under Eid)									x

---

## 3.1 Vurderingane i kortform

---

Sogn regionråd ser ikkje trong for å gjengi alle modellar og deira ulike konsekvensar i detalj. Modellane er gjort greie for i dokumentet frå fylkesrådmannen. Argumentasjonen for å ikkje gå inn på dei einsskilte modellane følgjer av den gjennomgangen fylkesrådmannen gjer, der han ikkje maktar å peike på at eitt alternativ står fram som mykje betre enn eit anna, med omsyn til dei fleste kriterier, sett bort frå innsparingspotensiale:

### a) Modellar og kvalitet på opplæringa

I sin gjennomgang av modellane og vurdering opp mot samanheng mellom struktur og kvalitet maktar ikkje nokon modell å stå fram som klårt betre. Samanhengen mellom organisatorisk struktur og kvalitet er usikker. Det vert peika på heilt andre forklaringar når det gjeld kvalitet:

- Kjønns, foreldra si utdanning, kulturell bakgrunn forklarar variasjon betre
- Lærarkompetansen (klasseromsleiing) betyr mest

### b) Struktur – programtilbod og elevane sine ønskje

Fylkesrådmannen skriv sjølv: Det er ikkje mogeleg å vite sikkert om det er skilnad mellom modellane med omsyn til om elevane i størst mogleg grad får oppfylt ønska sine om opplæringstilbod. Talet elevar som må flytte på hybel vil truleg vere tilnærma likt dagens situasjon i modell 0, 1, 4 og 6. I modell 2, 5 og 7 vil det truleg bli 150-350 fleire elevar som må bu på hybel. Talet elevar på hybel er høgast i modell 3, med 300-400 fleire enn i dag. Alle modellane når målet om alle utdanningsprogram og eit breitt spekter av programfag i eige fylke.

Sogn regionråd ser det som uheldig at mange, og kanskje lite motiverte elevar må flytte på hybel i større omfang enn i dag. Innrettinga på modellane må difor vurderast med dette for auge.

### c) Struktur og kompetansebehov i samfunnet

For einskildfag vil endringane påverke rekrutteringa til fag- og yrkesopplæring, men ein trur ikkje dette vil ha store konsekvensar. Store og breie fagmiljø er meir fleksible og robuste med omsyn til å kunne møte nye og endra tilbod.

Sogn regionråd tykkjer ein er for unyansert i denne vurderinga. Det må difor utviklast modellar som reflekterer lokale og regionale behov på ein betre måte enn dei modellane som er framlagde. I Sogn har ein gode døme på slikt nært samarbeid med kompetansebehov lokalt, og nokre av modellane er klårt vindskeive med omsyn til å møte slike behov.

### d) Struktur – stabil, robust og føreseieleg for elevar og tilsette

Fylkesrådmannen meiner at små skular og tynt spreidde utdanningsprogram gjer framtidsbiletet sårbart for elevar og tilsette. Arbeidstakarorganisasjonane deler ønsket om stabilitet i kva fag som vert tilbydd, og tal grupper. Rådmannen trur modellane 2, 3, 5 og 7 best vil nå målet om at vidaregåande opplæring er organisert på ein måte som fremjar robuste einingar og fagmiljø, slik at ein kan møte endringar i rammer og føresetnader utan å måtte endre strukturar i opplæringstilbodet, og at dette gir ein betre situasjon for elevar og tilsette over tid.

Sogn regionråd deler langt på veg ei slik tru. Det er viktig å skape føreseielege valsituasjonar for elevar, føresette og tilsette, sidan både utdanningsval og bustadval er store avgjerder i livet. Samstundes må ein ikkje sterkt hindre val for dei som alt finst i skulen, eller som bur i bygdene våre.

### e) Struktur og økonomisk innsparing

Generelt er det knytt stor uvisse til kor raskt det vil vere mogeleg å realisere stipulert innsparing ved reduksjon av gruppetal, nedlegging av skular og flytting av opplæringstilbod. Fylkesrådmannen meiner ein først kan forvente full innsparing etter ein periode på fem år. Fylkesrådmannen legg til grunn at nedgangen i tal grupper samla må effektuerast med minst 30 grupper fram mot 2016/17 og ytterlegare 10 grupper fram mot 2020/21.

Om ein held dette opp mot dei økonomiske vurderingane knytt til modellalternativa får ein følgjande:

Modellar som er konsekvensutgreidde (skuleåret 2020/21)	Modell 1 med variantar				Modell 2 med variantar			
	0	1	4	6	2	5	7	3
	13	10	10	10	8	8	8	6
Tal grupper	204	203	203	203	203	203	203	203
Tal elevplassar	3778	3793	3793	3793	3793	3793	3793	3793
Elevtal (prognose)	3603	3603	3603	3603	3603	3603	3603	3603
Gjennomsnittleg skulestorleik	290	377	377	377	471	471	471	622
<b>Konsekvensar</b>								
Framskrivning av dei elevar som må bu på hybel (i %)	26-29	30-32	28-30	26-28	36-37	33-35	33-35	37-39
Innsparing på drift av vidaregåande skular (i mill. kr)	-63	-88	-86	-85	-102	-100	-100	-110
Innsparing på avvikling av Hordalandsavtalen (i mill. kr)	-7	-7	-7	-7	-7	-7	-7	-7
Endra kostnader til skuleskyss (i mill. kr)	0	2	3	3	6	5	5	8
Auke i kapitalkostnader (utan sal av eigedomar) (i mill. kr)	13	25	24	27	24	26	26	36
Auke i kapitalkostnader (med sal av eigedomar) (i mill. kr)	13	21	20	23	13	14	15	20
Sum innsparing (utan sal av eigedomar) (i mill. kr)	-57	-69	-67	-63	-79	-77	-76	-74
Sum innsparing (med sal av eigedomar) (i mill. kr)	-57	-72	-70	-67	-90	-88	-87	-89
Innsparingsbehov i 2020 (i mill. kr)	72-97	72-97	72-97	72-97	72-97	72-97	72-97	72-97
Når modellen måla for økonomisk innsparing?	Nei	Ja	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja

Tabellen syner at modellane 1, 2, (5, 7) og 3 møter dei økonomiske måla best, og at modell 2 er den som gir størst innsparing.

Sogn regionråd vil peike på at skilnadane mellom 2, 5 og 7 er så små, gitt den uvissa som er knytt til modellane, at dei neppe kan seiast å vere ulike med omsyn til økonomi.

Om vi skal summere opp fylkesrådmannen si konsekvensvurdering er den etter Sogn regionråd si vurdering slik:

- Det er ikkje dokumentert gode samanhengar mellom modellar og opplæringskvalitet.
- Det er ikkje dokumentert store skilnader mellom modellane og oppfylling av utdanningsønske, med unntak av betydeleg effekt på reiseavstand for fleire elevar enn i dag.
- Det er dokumentert uvisse med omsyn til modellane og dekking av samfunnsbehov
- Ein meiner å kunne fremje robuste miljø betre ved større einingar.
- Så til slutt handlar dette stort sett om økonomi – og det er viktig nok!

Sogn regionråd er samd med fylkesrådmannen at utfordringa med å både stette elevane sine opplæringsbehov og samstundes møte dei skjerpa økonomiske føresetnadane er store. Sogn regionråd meiner også at skulane i regionen må vere med på å ta sin rimelege del av denne auke utfordringa. Men modellane som er presenterte og konsekvensutgreidde i høyringsutkastet representerer ikkje ei rimeleg fordeling av ansvaret for å redusere kostnader.

## 3.2 Skeivskapen i modellframlegga

Sogn regionråd har, både i samband med gjennomgangen av Norconsultrapporten, og no knytt til høyringsutkastet med stor uro sett på den skeivskapen i fordeling av byrde som ligg i framlegga. Vi har som vist over ikkje problem med å sjå at tiltak er naudsynte, vi har også vurdert det slik at ingen av modellane framstår som udiskutabelt best. Men det samla inntrykket er at Indre Sogn får ei urimeleg meirbelastning om nokre av modellane skulle bli den endelege løysinga.

Tabell 5.1.4.A: Plassar og elevar på fylkesnivå og regional fordeling

Modell	Fylket totalt			Indre Sogn			Sunnfjord, ytre Sogn og HAFS			Nordfjord		
	Elevtal	Plasstal	F.dekk i % av plasstal	Elevtal	Plasstal	Plasstal utan fylkesdekkande %	Elevtal	Plasstal	Plasstal utan fylkesdekkande %	Elevtal	Plasstal	Plasstal utan fylkesdekkande %
0	3785	3958	10,8 %	24,7 %	23,8 %	22,5 %	47,4 %	42,9 %	38,3 %	28,0 %	33,3 %	28,0 %
1	3785	3961	14,1 %	24,7 %	22,3 %	21,4 %	47,4 %	38,7 %	35,0 %	28,0 %	39,0 %	29,6 %
4	3785	3961	11,8 %	24,7 %	25,6 %	24,7 %	47,4 %	39,2 %	35,1 %	28,0 %	35,2 %	28,4 %
6	3785	3961	11,9 %	24,7 %	24,0 %	23,0 %	47,4 %	42,1 %	38,3 %	28,0 %	34,0 %	26,7 %
2	3785	3961	14,1 %	24,7 %	22,3 %	21,0 %	47,4 %	39,5 %	35,7 %	28,0 %	38,3 %	29,2 %
5	3785	3961	11,4 %	24,7 %	26,4 %	25,1 %	47,4 %	39,2 %	35,4 %	28,0 %	34,5 %	28,0 %
7	3785	3961	11,9 %	24,7 %	24,7 %	23,4 %	47,4 %	42,1 %	38,3 %	28,0 %	33,2 %	26,4 %
3	3785	3961	14,4 %	24,7 %	21,4 %	21,0 %	47,4 %	40,4 %	36,1 %	28,0 %	38,3 %	28,6 %

Fordeling mellom forventa elevtal og plasstal i modellane 2016-2017

I sin kommentar til tabellen over skriv fylkesrådmannen «I to av regionane, Indre Sogn og Nordfjord, gir modellane god tilpassing mellom forventa elevtal og plasstal. Indre Sogn har 24,7 % av det samla elevtalet i 2016-2017 og i modell 1 er 22,3 % av plassane totalt lokaliserte til regionen.» (s.59).

Sogn regionråd vil sterkt avvise at dette gir ei balansert tolking av tala. Slik modellane er utvikla legg dei systematisk fylkesdekkande tilbod til Nordfjord, slik at differansen mellom elevtal og plasstal blir svært annleis for Indre Sogn enn for Nordfjord. Tilsvarende har Sunnfjord klår underdekning<sup>5</sup>.

Om ein tek føre seg dei totale innsparingane som er skisserte for kvar modell og splittar desse på region og skule får ein følgjande tabell (framlagt i ordførarmøte 2.4. i Flåm):

### Økonomiske innsparingar i dei ulike modellane

2021	Modell 0	Modell 1 med variantar				Modell 2 med variantar			Modell 3
	0	1	4	6	2	5	7	3	
Luster	-4,8	-17,2	-17,2	-17,2	-17,2	-17,2	-17,2	-17,2	
Sogndal	-20,6	-13,4	-6,9	-7,6	-13,7	-6,8	-5	-1,1	
Årdal	0	-2,9	-0,1	-2,9	-7	-0,1	-7	-25,4	
Sum regionen	-25,4	-33,5	-24,2	-27,7	-37,9	-24,1	-29,2	-43,7	
Sum fylket utan sal	-56,5	-68,8	-66,5	-63	-79,2	-76,8	75,9	-73,6	
Sum fylket med sal	-56,6	-72,1	-70,1	-66,6	-90,4	-88	87,1	-88,9	
Indre Sogn sin del av totalinnsparinga i fylket utan sal	45 %	49 %	36 %	44 %	48 %	31 %	38 %	59 %	

Av denne tabellen vert skeivskapen i alternativa både nyanserte, stadfesta og forsterka. Tabellen syner kva som skjer i dei ulike modellane. Modell 0 vurderer vi som lite sannsynleg, men den representerer betydeleg

<sup>5</sup> I kommentaren står det også at regionen har 31,4 % av plasstalet i modell 1, ekskl. fylkesdekkande tilbod. Dette reknar vi med er ein skrivefeil, sidan tabellen syner 21,4.

reduksjon for Sogndal. Dette syner at «ostehøvel»-prinsippet ikkje er godt for regionen. I dei andre modellane er nedlegginga av Luster vidaregåande skule det som betyr mest, men både i den reine modell 1 og 2, med nedlegging av idrett og medium og kommunikasjon, får regionen ein betydeleg meirbyrde. Sjølv med dei nyansane som ligg i modellane 4,6, 5 og 7 får regionen ein meirkostnad som ikkje rimer med elevtalet. Modell 5 er den som kjem nærmast regionen sitt relative elevtal.

Sogn regionråd meiner det er heilt urimeleg at Indre Sogn skal bere ein betydeleg høgre byrde enn det elevgrunlaget tilseier. Elevgrunlaget er som kjent om lag 25 %, og i visse år opp mot 27 %. Om ein i tillegg ser på utviklingsbanen for Sogn som ein finn i rapporten frå Telemarksforsking (TF-notat 64/12), bør ein ta høgd for noko vekst:

- Innvandring forklarar folketalsvekst, likevel svak
- Sogndal relativt høg vekst i folketal
- Svak arbeidsplassutvikling, men betre enn landssnittet dei tre siste åra (Leikanger, Sogndal, Aurland)
- Næringsstruktur med høgt innslag av bransjar i låg vekst eller nedgong
- Årdal høgast sårbarheit av alle kommunar i landet
- NæringsNM: Sogn gjer det godt, særleg Sogndal. Fare: låg lønsemd
- Attraktivitet: Låg bedriftsattraktivitet, god bustadsattraktivitet

Sogn regionråd ser at ein rimeleg del av vidaregåande skuletilbod i Sogn bør innrettast mot om lag 1000 elevar, eller om lag 25 % av elevtalet i fylket. Det vil seie at ein bør ha kapasitet til å handtere 55 grupper av 203.

*”Dersom Sogn oppnår gjennomsnittlig arbeidsplassvekst og beholder samme bostedsattraktivitet som tidligere, vil befolkningen kunne øke med 18,5 prosent fram til 2040. Det er etter vår mening det mest sannsynlige scenarioet”*



---

## 4. Modell Indre Sogn

---

Sogn regionråd vil difor fremje ein modell for vidaregåande opplæring i regionen der ein både møter fylkeskommunen sitt behov for å ta ned tal grupper i fylket, møter elevane sine behov på ein rimeleg måte, bygger meir robuste fagmiljø og, til skilnad frå dei framlagde modellane, fordeler byrde på ein rimeleg måte<sup>6</sup>.

Strukturen vil basere seg på at Indre Sogn har to vidaregåande skular som reflekterer det vi oppfattar som naturlege bu- og arbeidsområde. Det vil vere Sogndal vidaregåande skule, som overtek nokre utdanningsprogram frå Luster, og Årdal vidaregåande skule. Ein føreset eit godt og forpliktande samarbeid mellom skulane i regionen og fortsatt skuleaktivitet på Hafslo for å gi eit best mogeleg tilbod med stor breidde i regionen. Modellen føreset eit godt og aktivt samvirke mellom aktivitetane på Hafslo og Sogndal vidaregåande skule og at ein seriøst ser på mulighetene for bruken av ressursane på Hafslo innafor ulike fag- og elevtilbod. Ei full nedlegging av aktiviteten på Hafslo vil ha dramatisk negative konsekvensar for lokalsamfunnet på Hafslo og vil ikkje vere samfunnsøkonomisk tenleg. Modellen føreset derfor fortsatt bruk av bygningar og ressursar på Hafslo. Modellen inneber eit tilbod om flest mulege programområde i regionen. Dei områda ein ser ikkje vert tilbydde er fylkestilbod i naturbruk (NAT), design og handverk (DH), og musikk, dans og drama (MDD).

Kapasiteten bør i 2021 handtere omlag 1000 elevar, fordelt med fulle kull på VG1 og 2, og 65 % av kullet på VG3. Modellen som vert skissert baserer seg på ei fordeling mellom skulane som skuleleiarane ser som mulege, og som ordførarane ser som ei god tilpassing til elev- og samfunnsbehov. I tilpassinga av modellen har alle partar gjeve og teke, og ikkje minst har Luster gjeve mykje. Samstundes må ein sjå at søkinga til Luster har vore varierande, og at av ungdommen heimehørande der, vel meir enn 80 % Sogndal vidaregåande skule.

Modellen er innretta slik at den ivaretek breidda i tilbodet i regionen. Den betyr også at ein opprettheld viktige tilbod som tidlegare var føreslege flytta ut av regionen, som t.d. idrett, matfag, anleggsteknikk og medium og kommunikasjon. I valet mellom helse og sal og service har Årdal prioritert sal og service VG1, ikkje minst grunna at lokalt næringsliv har stilt opp med praksis- og læreplassar. Sogn regionråd er særleg oppteken av at ein regionalt har eit godt tilbod, med tilstrekkeleg breidde til å treffe dei fleste elevane sine behov for å gå på skule i rimeleg avstand til heim og heimkommune. Dette er viktig både for eleven og lokalsamfunna. Det er også viktig at modellen for Indre Sogn reflekterer det behovet lokalt arbeidsliv har. Modellen tek omsyn til dette.

Sogn har i modellframlegga til fylkesrådmannen ikkje ansvar for noko fylkesdekkande program, berre nokre programområde. Sogn regionråd ser at idrett har nært samband til lokale aktivitetar, og meiner at det ikkje bør utviklast til eitt fylkesdekkande programtilbod lokalisert ein stad. Sogn regionråd meiner at regionen bør ha eitt fylkesdekkande program, og ut frå både søkartal og samarbeidsrelasjonar til arbeidslivet peiker medium og kommunikasjon seg ut.

Modellen på neste side syner såleis at Årdal får 12 grupper, med ei fordeling av fag som har relevans både for elevar og arbeidsliv. Sogndal får 43 grupper. Av det samla talet elevplassar på 1008 er 60 fylkesdekkande, enten som program (media og kommunikasjon) eller som programområde. Årdal får fylkesdekkande programområde automatisering på VG2 og VG3 innafor Elektrofag, og kjemiprosess VG2 innan TIP. Sogndal får, i tillegg til media og kommunikasjon, reiseliv VG2 som fylkesdekkande programområde innafor Service og samferdsel.

---

<sup>6</sup>Modellen er den same som rektorar, tilsettere representantar og elevrådsleiarar ved dei tre skulane stiller seg bak.



<b>Modell Indre Sogn</b>			Årdal	Luster + Sogndal	Tal elever	Fylkestilbodsplassar	Indre Sogn
Samla oversikt over gruppetal modell Indre Sogn							
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde					
<b>Idrettsfag</b>	1	<b>Idrettsfag</b>		1	30		30
	2 og 3	Idrettsfag		2	60		60
<b>Studiespesialiserande</b>	1	<b>Studiespesialiserande</b>	1	3	120		120
	2 og 3	Studiespesialiserande	2	6	240		240
<b>Bygg-og anleggsteknikk</b>	1	<b>Bygg og anleggsteknikk</b>		4	48		48
	2	Anleggsteknikk		1	12		12
	2	Byggteknikk		2	24		24
	2	Klima, energi og miljøteknikk		1	12		12
<b>Design og handverk</b>	1	<b>Design og handverk</b>					0
	2	Design og tekstil					0
	2	Interiør og utstillingsdesign					0
<b>Elektrofag</b>	1	<b>Elektrofag</b>	1	2	36		36
	2	Automatisering	1		12	6	6
	2	Data og elektronikk		1	12		12
	2	Elenergi		1	12		12
	3	Automatiseringsfaget	1		12	6	6
	3	Dataelektronikarfaget		1	12		12
<b>Helse- og oppvekstfag</b>	1	<b>Helse- og oppvekstfag</b>		2	30		30
	2	Barne- og ungdomsarbeidarfag		1	15		15
	2	Helsearbeiderfag		1	15		15
<b>Medium og kommunikasjon</b>	1	<b>Medium og kommunikasjon</b>		2	30	15	15
	2	Medium og kommunikasjon		2	30	15	15
<b>Restaurant- og matfag</b>	1	<b>Restaurant- og matfag</b>		1	15		15
	2	Kokk- og servitørfag		1	15		15
<b>Service og samferdsel</b>	1	<b>Service og samferdsel</b>	1	1	30		30
	2	Reiseliv		1	15	12	3
	2	Sal, service og tryggleik	1		15		15
	2	Transport og logistikk		1	12		12
<b>Teknikk og industriell produksjon</b>	1	<b>Teknikk og industriell produksjon</b>	1	2	36		36
	2	Kjøretøy		1	12		12
	2	Kjemiprosess	1		12	6	6
	2	Industriteknologi	1	1	24		24
<b>Påbygging til generell studiekompetanse</b>	3	<b>Påbygging til generell studiekompetanse</b>	1	1	60		60
<b>Sum pr. skule pr. modell</b>			<b>12</b>	<b>43</b>	<b>1008</b>		
<b>Sum grupper pr modell</b>			<b>55,0</b>			60	948

Om ein legg ei slik fagfordeling til grunn, og tek med seg nedlegging av Luster som sjølvstendig skule, får ein ei løysing som både fordeler byrde rimeleg, og som møter elevbehov på ein god måte:

2021	Modell 0	Modell 1 med variantar			Modell 2 med variantar			Modell 3	Modell Indre Sogn
	0	1	4	6	2	5	7	3	
Innsparing Indre Sogn (Luster, Årdal og Sogndal vgs)	-25,4	-33,5	-24,2	-27,7	-37,9	-24,1	-29,2	-43,7	-18,6
Sum fylket utan sal	-56,5	-68,8	-66,5	-63,0	-79,2	-76,8	-75,9	-73,6	-76,8
Indre Sogn sin del av totalinnsparinga i fylket utan sal	45 %	49 %	36 %	44 %	48 %	31 %	38 %	59 %	24,2 %

Tabellen syner at Modell Indre Sogn ligg godt innafor akseptansegrensene (innsparingsbehov på 72 – 97 mill i 2021) for ein berekraftig modell med omsyn til økonomi. Indre Sogn svarar for sin relative storleik ved å ta ansvar for om lag 24 % av den totale innsparinga. Modellframlegg med mellom 31 og 59 % av den totale innsparinga lagt til Indre Sogn vert såleis ikkje sett som verken rimelege eller på nokon måte akseptable.

## 5. Andre merknader til høyringsutkastet

Sogn regionråd ser det som viktig i den vidare handsaminga av økonomien i sektoren at ein også vurderer dei samla rammene for opplæringssektoren. Ein oppmodar om så langt råd er å styre mest mogeleg av dei samla ressursane ut mot den aktive opplæringsaktiviteten. Samstundes er ein samd med fylkesrådmannen i at det må vere rom for utviklingsarbeid.

Sogn regionråd stiller spørsmål ved om Programområde 21, T 2102 «utgifter til lokale» på nesten 62 millionar, berre gjeld opplæringsformål knytt til fylkeskommunen si plikt etter opplæringslova.

Sogn regionråd har sett at teknologisk utvikling er ein betydeleg endringsdrivar i alle sektorar. Ein ser det som viktig at elevane i fylket gjennom si opplæring, uavhengig av fagområde elles, vert sett i stand til å utnytte slik teknologi i undervisninga, og for møtet med vidare utdanning eller yrkesaktivitet. Slik teknologibruk må da også prege samhandling mellom skular og lærarar.

Sogn regionråd ser det som sjølvsgt at omsyn til dei tilsette vert ivareteke i samsvar med lov- og avtaleverk i dei omstillingane som no kjem.




---

# Referansar og utrykte vedlegg

---

Skulebruksplanen for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane , høyringsutkast 19. feb 2013  
Modellar for organisering av vidaregåande opplæring – Norconsult-rapport 22.10.2012  
Regional analyse Sogn og Fjordane, Telemarksforsking (Notat 64 - 2012)



Sogn regionråd  
Postboks 153, 6851 Sogndal  
[www.sogn.regionraad.no](http://www.sogn.regionraad.no)  
epost: [postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)  
Tlf 57 62 96 14